



Det er eit fantastisk utsyn frå Skorpefjellet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Turprogrammet til Kvinnherad Turlag for dette året er klart og byr på godbiter også i vårt område. Vi har tidlegare omtala dei 2 turane på Nåsø og den eine på Englafjell.

Men også på Skorpefjellet kjem det til å gå ein tur og den er beramma til 2.juni. Turen inngår i dei turane dei i år kallar lågterskelturar,

Turleiarar på den trivelege øya blir Kjell Yri og Jofrid Eik og det blir opplyst at gruppa også skal innom 'Tunet i det blå' og murane etter husmannsplassen i Øredalen. På turen vert det fortalt om hendingar på øya i gamal tid og om geologi og fauna.

Kjell Yri er som før ein travel turleiar og han skal også leia turen på Englafjell 18. september saman med Jostein Grov.

Andre uskedelinger som skal leia turar er :

- * Anbjørn Høivik
(introduksjon til padling saman med Anne Kari Enes),
- * Steinar og Oddbjørn Kroka (på kjende trakter i Krokadalen 11. september),
- * Mona Enes (jentetur i Etnefjella 26.-28. august saman med Tove Apeland)
- * Geir Eidsvik som ein av fleire turleiarar i Stølsheimen 11-14. august

Den klassiske skituren på Nåso 10. april er det Ole Horn og Svein Bergseth som skal leia

Barnas Turlag har den etter kvart tradisjonelle orreleikturen sin i Fjellhaugen 30. april og 1. mai og Fjellsportgruppas tur på Nåso blir avvikla 30. april.

Samla sett er det eit rikhaldig program også dette året.

Det er heller ingen mangel på turleiarar, dei står nesten i kø.

Til ein tur var det 3 som meldte seg til teneste!

Av Ola Matti Mathisen